

Skikrinsstyret@

Sakshand.: IN/FÅ

Dato: 26.03.2020

Arkivk.: styret/møter/protokoll/19-21

PROTOKOLL TIL MØTE NR. 06 I SKIKRINSSTYRET, 2019-2021
--

Stad: Teams-møte (web-møte)

Tidspunkt: Onsdag 25. mars 2020, kl. 20.00-21.30

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 66 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 67 19-21 Status drift av krinskontoret

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Margot Åsebø, Tonje Norheim Tangerud, Per Asbjørn Felde, Tor Arne Hov, Jan Inge Årdal og Ingrid Narum (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Ingrid Narum

REFERATSAKER

SAK 66 19-21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 67 19-21 Status drift av krinskontoret

Bakgrunn

Styreleiar og adm. orienterte om status for drift av krinskontoret framover.

Adm.sjef mottok 25.03.2020 permitteringsvarsel frå Norges Skiforbund, og vert permittert 100 % frå stillinga si frå måndag 30. mars 2020 og på ubestemt tid.

Adm. må følgje opp desse punkta før ho vert permittert:

- Avklare oppfølging økonomi i skikrinsen
- Informasjon frå skikrinsen om status for krinskontoret
- Publisere informasjon om Vår møtet 2020
- Avklare informasjonsflyt i skikrinsen (nettside, facebook-side m.m.)
- Avklare trenarkurs og sommarskiskule Sognefjellet juni 2020 (langrenn)

Skikrinsstyret drøfta punkta over i møtet, og i tillegg kva plan styret skal ha for drift av skikrinsen framover.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande oppfølging av oppgåver for krinskontoret/ skikrinsen framover:

- Styreleiar må følgje opp økonomi i samråd med rekneskapsfører (Idrettskrinsen) i adm.sjefen sitt fråvær.
- Adm. gir styremedlem Margot Åsebø tilgang på skikrinsen si facebook-side og facebook-sida «Kjøp og sal av brukt skiutstyr» for nødvendig oppfølging framover.
- Informasjon om at Vår møtet 2020 ikkje vert avvikla vert publisert på skikrinsen sine nettsider snarast, der det kjem fram at den enkelte greinkomite held dialog med sine klubbar ut i frå behov.
- Langrennskomiteen vurderer å avlyse trenarkursa og sommarskiskulen på Sognefjellet i juni 2020. Dette pga. permittering i NSF, der adm.sjef i skikrinsen er 100 % permittert inntil vidare, og som gjer det vanskeleg å utsetje denne avgjerda. I tillegg er det usikkerheit rundt om ein får gjennomføre aktiviteten i juni 2020 grunna situasjonen med koronaviruset.

Skikrinsstyret støttar avgjerda.

Adm.sjefen tek kontakt med alle partar i løpet av veka, også NSF som er medarrangør av trenarkursa.

Plan vidare for Skikrinsstyret:

- Styret har jamleg kontakt framover.
- Spørsmål om å leige inn adm.sjef i skikrets er løfta opp til skiforbundet av andre skikretsar, og vert følgt opp vidare for avklaringar juridisk og praktisk.
- Dersom premittering av adm.sjef vert langvarig må styret vurdere korleis krinskontoret kan bli drifta.



EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Ingrid Narum (s)
Adm. sjef